

# Rocknes-rapport får f

Rocknes-rapporten frå Høgskolen i Bergen får strykarakter av forskarmiljøa på Marintek og NTNU i Trondheim. Jebesen krev at heile rapporten blir trekt attende.

EVSTEIN RØSSUM  
KRISTINE HOLMELID  
egstein.rossum@brno

Den sterkt kritiske rapporten om Rocknes-havariet er ført i pennen av høgskulelektor Rolf Cato Instøl ved Høgskolen i Bergen. Han underviser blant anna i skipssjåbilitet.

— Innhaldet høyrer meir heime i ein forskingsrapport, seier Sverre Steen, professor i marin hydrodynamikk ved Norges Teknisk-Naturvitsenskapelige Universitet (NTNU) i Trondheim. Han har lese rapporten,

og er overraska over at Høgskolen i Bergen har gått god for innhaldet.

— Rapporten held ikkje vitenskapelig mål. Det er ikkje mogleg å etterprøve påstandane som blir sett fram, fordi det er så dårleg med referansar og talmateriale. Dette er heilt sentral i all vitenskapelig metode: Konklusjonane skal kunne etterprøvast. Det går ikkje an her, seier Steen.

Instøl presenterte nyleg hovudtrekka i rapporten for eit allmunt publikum på Forskingsdagane i Bergen. Professoren kjemmer Rock-

nes-saka først og fremst frå media, og vil ikkje uttale seg om Instøls påstandar kan vere rette.

— Mitt poeng er at det er umogleg å seie om han har noko å fare med, med grunnlag i den rapporten han har laga. Dette ville aldri gått igjennom hos oss.

Også direktør Oddvar Aam ved Norsk Marinteknisk Forskningsinstitutt (Marintek) i Trondheim er overraska.

— Dette er ingen forskingsrapport, og eg er veldig overraska over at han er co-signert av andre ved Høgskolen og sendt ut som eit offisielt dokum-

ment. Påstandane i rapporten er ikkje dokumentert.

**Fagleg sikra ved høgskulen**

Høgskulelektor Instøl gar i rapporten langt i å antyde at lastedokumentet som vart laga for Rocknes glekk frå Elkefet var forfalska. Han skriv også at lastekalkulato-

**Påstandane i rapporten er ikkje dokumentert**

Oddvar Aam, direktør ved Marintek i Trondheim

ren om hørd var manipulert av reistlaget. Han meiner skipet hadde alt for dårleg sjåbilitet, og konkluderer med at eit havari må ha vore vurdert som ein mogleg konsekvens, både av del med ansvar for bord og av operatørene på land. Instøl

rettar også sterk kritikk mot arbeidet til arbeidsgruppa i Sjøfartsdirektoratet som granska havariet.

— Det er ingenting i vege for at ein forskingsrapport kan trekkje kontroversielle konklusjonar og kome med kritikk. Men dokumentasjonen må vere i orden, seier professor Steen.

Høgskolen i Bergen har sendt Instøls rapport til Sjøfartsinspektøren i Bergen og klasseselskapet Germanische Lloyd's, som godkjenner Rocknes.

I eit følgeskriv frå avdelingsleiar Mads Grahl Madsen heiter det at rapporten er fagleg vurdert av høgskulelektor Johnny Jørgensen. Grahl Madsen vil i dag ikkje kommentere rapporten.

De direktu på alle seier h

«Ekstra Stryk reiarla te demt direkt Bergen det «e at høg eit slik også k inkrin som bl lege føl

skal ge rapport haplan — Vi nokon